

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 43/2005

Møtedato: 7.9.05

Arkiv nr: S 655

S 655, Røvsalin – flytting av stølstun

Ove Bergheim skriv i brev datert 5.9.05 følgjande:

Søker om å fløta stølstun på Røvsalin, tilhøyrande Ringrud g.nr.49, b.nr 2.

På grunn av at Vestre Slidre kommune har laga vasskjelde nedanfor husa (på jordet), så er det ikkje mulig å få utsleppsløyve på gråvatn. Då eg har meint å byggje eit nytt sæl med dusj og do, får eg ikkje gjort det på eksisterande tomt/tun, fordi kommunen har lagt klausular for bruken av arealet pga. drikkevassskjelde.

Ynskjer difor å få flytta tunet sør og ned for gamle tunet for å unngå dette problemet. Sjå vedlagt kart.

Stølen har ikkje vore brukt nokre år pga. sjukdom, men ynskjer å seta den i stand for å utnydde dei resursane som er der ved å drive med forproduksjon og beiting.

Statskog skriv i e-post datert 6.9.05 følgjande:

Der selet er tenkt oppført er vel på grensa mellom støl og tilleggsjord (mesteparten av selet på tilleggsjord) mens fjøset blir inne på tilleggsjorda.

Jeg viser også til mitt brev 11.09.00 om forholdet mellom støl og tilleggsjord. En del tilleggsjord skulle legges ut mellom feste 327 og 317/782 noe jeg tror ikke er gjort (gjerdet står vel mot vegen).

Dersom stølen skal flyttes til tilleggsjorda må en vel foreta et "makebytte" mellom støl og tilleggsjord? Hva med låven, den bør vel også flyttes til stølstunet?

På saken har jeg notert at dere gjør vel et vedtak etter befringen 7.9.00 noe jeg ikke kan se er gjort. Ved etterlysning av svar på brev 11.09.00 har jeg skrevet:

Jeg kan ikke se at jeg har fått tilbakemelding og regner med at vårt forslag er ok.

Dersom det er aktuelt å flytte stølstunet, foreslår jeg at en ser på dette under en befring.

Vedtak:

Fjellstyret utsett saka til befring i juni.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 13.9.05.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: